

Referat frå styremøte i V.I.L

Tid: torsdag 07.06.2012 kl 19.30-22.00

Stad: Klubbhuset

Desse møtte: Einar Hoel, Ellisiv Valdal Jarvik, Karianne Vestre Døving, Magne Eivind Glomnes, Lillian Hoel, Aksel Indreeide, Trond Håvoll og Yvonne Dale.

Sak 1: Orientering frå gruppene

Fotball v/ Ellisiv V. Jarvik: Fotballgruppa har no fått den nye grasklipparen, og den brukar ca ein time på å slå heile bana. Johannes Øvrevoll og Jens Martin Myklebust har fått jobb med å slå bana i sommar. Dei to gamle klipparane blei selde for 10.000 kr og 4.000 kr. Fotballgruppa tener 8.000 kr på å stille vakter til DDE- konserten. Valldalscup blir truleg arrangert i starten på september.

Langrenn v/ Aksel Indreeide: Styret blei konstituert 22. mai. Turid Løvoll blei kasserar.

Langrennsgruppa jobbar med arbeidsplanen for 2012. Eit av forslaga er ski i skulen. Det har også vore snakka om å låne ut ski til både barn og vaksne i større grad, men med forpliktingar. Langrennsgruppa skal jobbe for å få til ein skiskytingsarena. Det har blitt sett ned ei eiga nemnd som skal arbeide med det.

Planleggjinga av Olsok er i rute/etter planen.

Trim v/ Lillian Hoel: Trimgruppa jobbar med fjelltrimmen. Sykkeltrimmen som blei arrangert 1. mai var vellykka. Styret er enno ikkje konstituert, men gruppa fungerer. Konstitueringa må likevel på plass.

Friidrett v/ Magne Eivind Glomnes: Friidrettscupane er no i gang, og oppslutninga har vore bra hittil. Det er sett opp ein treningskalender, og ein del av treningane blir i Liabygda. Friidrettsgruppa håper å få til eit litt større stemne eller ein stafett i løpet av sesongen. Håvard Sunde går inn som nytt styremedlem i friidrettsgruppa grunna Heidi Hoel sin bortgang.

Div v/ Einar Hoel: Idrettslaget stilte opp på aktivitetsdag for funksjonshemma 28. april. Det er viktig at vi er eit idrettslag som stiller opp for alle.

Idrettslaget samla inn 310 brukte mobiltelefonar. Det blir ca. 10.850 kr i inntekt.

Sak 2: Konstituering av styret i hovudlaget

Forslag om å halde fram som før.

Vedtak: Kasserar: Arvid Frostad

- Skrivar: Karianne V. Døving
- Husansvarleg: Yvonne Dale

Sak 3: Godkjenning av val i trimgruppa

Trimgruppa har ikkje konstituert seg. Dei må få på plass konstitueringa, for ein frå gruppa må møte fast på styremøte i hovudlaget.

Sak 4: Innkjøp av diverse til sommarsesongen

Idrettslaget treng telt til diverse idrettsarrangement (partytelt) og dessutan bord og benkar til å bruke ute. Det må ligge under felleskostnader og at alle gruppene kan nytte seg av det. Einar har sett på diverse bord og benkar frå O. B Wiik.

16 bord/benkar + lagringspall: 24. 000 kr

Solid partytelt: ca 5. 000 kr

Vedtak: Idrettslaget gjer innkjøpa som nemnt ovanfor og kjøper det no til sommaren.

Sak 5: Diverse dugnadsarbeid

- a) **Måling:** Klubbhuset må vaskast og målast. Tidtakarbua og skur må også målast. Glenn Rognsø organiserer dugnadsarbeidet. NB! Vi brukar klubbfarene når vi målar: kvitt/lyst og blått.

Garasjeloftet må også ordnast. Ein må fylle opp bak garasjen og lage ein skikkeleg tilkomst til loftet. Fotballgruppa kunne lagre utstyret sitt der om vinteren til dømes. Idrettslaget kan ta kontakt med Gjerde Maskin.

- b) **Vedlikehald av løpebana og grusbana:** Idrettslaget må sprøyte og skrape bana for å få vekk alt graset. Magne Eivind skal ta ansvar for at jobben blir gjort. Det er viktig å gjere denne jobben når det er lite aktivitet på stadion- rundt 25-26. juni til dømes.
- c) **Rydding av skog/kratt** må også gjerast rundt klubbhuset. Det blei også snakka om at det hadde vore greitt å utvide parkeringsplassen. Knekte gjerdestolpar må også ordnast.

Vedtak: Dugnad må organiserast og punkta a)- c) må gjerast i løpet av sommar og haust.

Sak 6: Sandvolleyballbane

Det har blitt sendt søknad til kommunen om å få etablere sandvolleyballbane ved rådhuset som erstatning for bana ved Muritunet som kjem vekk. Denne saka er litt på vent. Kommunen må formelt seie ja til det, og det må opp til politisk handsaming. Saka har ikkje blitt teke opp enno.

Sak 7: Eventuelt

- Idrettslaget har snakka om å lage ein haustfest. Det kan til dømes bli leigd inn foredragshaldarar til å snakke om ulike tema mm. Det skal vere til inspirasjon for dei som kjem. Det skal vere eit arrangement der ein ikkje treng å kjøpe lodd. Det er dessutan 25 års jubileum for Valldal stadion i år.
- Det kom også forslag om å dele ut ein pris/gi ei merksemd til ein aktiv i idrettslaget/ nokon som har gjort ein stor innsats for idrettslaget. Idrettslaget må tenkje igjennom kva kriterium ein skal bruke for ein slik pris.
- Idrettslaget har fått ein hjartestartar, og den må no på plass og opplæring må gjennomførast. Det blei bestemt at **måndag 18. juni** skal det vere kurs/ opplæring i bruk av hjartestartaren. Det kan delta 10-12 stk på kurset. Det vart sagt at flest frå fotballgruppa skulle møte, og elles ein frå kvar av dei andre gruppene og ein frå styret. **På kurset er det viktig at ein stiller spørsmål i høve plassering av hjartestartaren (kvar/korleis).**

Sak 8: Oppfølging av vedtak på årsmøtet

- a) **Rehabilitering av klubbhuset:** Arvid Frostad tek ansvar for det. Idrettslaget må sende inn søknad om tippemidlar. Det passar fint å ta rehabiliteringa av klubbhuset på hausten.
- b) **Kunstgras:** Det må no setjast saman ei arbeidsgruppe som skal jobbe med det. Det er viktig at denne gruppa kjem i gang grunna **søknadsfrist 1. oktober.**

Gruppa si samansetjing:

(1 frå fotball, 1 frå friidrett og 1 frå styret).